

Møteprotokoll for Teknisk utval

Møtedato: 28.08.2014
Møtestad: Nordbygda skule
Møtetid: 14:00 - 18:00

Møtet starta med synfaring frå båt på Risnes kai kl 1400.
Etter synfaringa held møte fram på Nordbygda skule.

Frå teknisk utval var desse med på synfaringa:

John Torsvik - leiar

Ragnvald Tangedal - nestleiar

Willy Borge – repres.

Geir Egil Haugsvær, reprs.

Britt Inger Hope melde forfall dagen før

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
John Torsvik	H	Utvalsleiar
Ragnvald Tangedal	AP	Nestleiar
Willy Borge	Frp	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Lillian Andvik	Krf	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: Ass. rådmann Sveinung Toft som førte møteboka

Sakliste

Saknr	Tittel	
015/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste	S. 3
016/2014	Godkjenning av møtebok	S. 3
017/2014	Framlegg til privat reguleringsplan for Risnes tomteområde, Dragseidvegen ..	S. 4
018/2014	Delegerte saker	S. 6
019/2014	Referatsak	

015/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

28.08.2014 TEKNISK UTVAL

TU - 015/2014 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

016/2014: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

28.08.2014 TEKNISK UTVAL

TU - 016/2014 VEDTAK:

017/2014: Framlegg til privat reguleringsplan for Risnes tomteområde, Dragseidvegen

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til reguleringsplan for Risnes tomteområde vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 lagt ut til offentleg ettersyn på vilkår om at følgjande endringar vert gjort før planen går ut til offentleg ettersyn:

- Hyttetomt F30, F31, F32, F33 og F34 går ut og erstatta med friluftsføremål.
- Naust og småbåtområde UN3 og SB3 går ut saman med tilkomstvegen ned til dette og erstatta med friluftsområde.
- Naust og småbåtområde UN2 og SB2 vert erstatta med friluftsområde.
- Hyttetomt F8, F9, F38, F44, F49 går ut av landskapsomsyn og vert friluftsområde.

18.06.2014 TEKNISK UTVAL

Sveinung Toft forklarte i saka. Utvalet ønskjer synfaring for å få eit betre inntrykk av den faktiske situasjonen og korleis planforslaget vil påvirke landskap og terreng. Det vart avgjort å halde synfaring 20. august kl. 1400 med oppmøte på Risnes kai.

Privat forslag til reguleringsplan for Risnes tomteområde – Dragseidvegen, vart utsett til etter at synfaring er gjennomført.

TU - 013/2014 VEDTAK:

Privat forslag til reguleringsplan for Risnes tomteområde – Dragseidvegen, vart utsett til etter at synfaring er gjennomført.

28.08.2014 TEKNISK UTVAL

foreslått av:

Saka vart drøfta.

Etter drøfting vart medlemmene samde om eit nytt framlegg til vedtak:

Tomt F34 går ut av terrengmessige grunnar, graden av eksponering

Tomt F32, F33, F38, F39, F40 og F41 vert tilpassa meir terrenget.

Tomt F8 og F9 vert tilpassa meir terrenget.

Tomt F48 og F49 vert tilpassa meir terrenget.

Tomt F44 går ut av terrengmessige grunnar, graden av eksponering.

UN3 vert flytta meir inn på land, med plass til båtopptrekk, naustområde vert trekt heilt inn på land, sør for tomt F35. Turveg vert endra til køyrbar veg.

Strandlinja heilt nord og heilt sør i UN2 skal sikrast som friluftsområde.

Arealet i UN4 vert utvida innover land.

Nytt rekkjefølgjekrav:

Det må byggjast gangveg til eksisterande busslomme ved Leirvåg før det kan gjevast igangsettingsløyve til hytter eller bustader innanfor planområdet.

Planen vert sendt attende til planfremjar til omarbeiding i samsvar med føringane ovanfor.

TU - 017/2014 VEDTAK:

Tomt F34 går ut av terrengmessige grunnar, graden av eksponering

Tomt F32, F33, F38, F39, F40 og F41 vert tilpassa meir terrenget.

Tomt F8 og F9 vert tilpassa meir terrenget.

Tomt F48 og F49 vert tilpassa meir terrenget.

Tomt F44 går ut av terrengmessige grunnar, graden av eksponering.

UN3 vert flytta meir inn på land, med plass til båtopptrekk, naustområde vert trekt heilt inn på land, sør for tomt F35. Turveg vert endra til køyrbar veg.

Strandlinja heilt nord og heilt sør i UN2 skal sikrast som friluftsområde.

Arealet i UN4 vert utvida innover land.

Nytt rekkjefølgjekrav:

Det må byggjast gangveg til eksisterande busslomme ved Leirvåg før det kan gjevast igangsettingsløyve til hytter eller bustader innanfor planområdet.

Planen vert sendt attende til planfremjar til omarbeiding i samsvar med føringane ovanfor.

018/2014: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

28.08.2014 TEKNISK UTVAL

Delegerte saker vart gått gjennom og tekne til orientering.

TU - 018/2014 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

019/2014: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

28.08.2014 TEKNISK UTVAL

Det var ingen referatsaker.

TU - 019/2014 VEDTAK:

Rett utskrift av møteprotokoll frå møte i Teknisk utval den 28.08.14 vert vitna:

**John Torsvik
leiar**